

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2009/2871-12

**Saksbehandlar**

Karin Thauland

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

## Høring av forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden

### Innstilling frå rådmannen:

Formannskapet i Kvinnherad sluttar seg til uttalen frå Samarbeidsrådet i Sunnhordland vedteke i møte 15.3.13.

### Saksutgreiing:

Fiskeridepartementet har sendt ut nytt utkast til forskrift for forvaltningsregime i Hardangerfjorden på høring.

Høyringsbrevet omhandlar framlegg til regulering av den ståande biomassen i Hardangerfjorden, inkludert Langenuen.

Framlegget inneber at dersom det står meir fisk i sjøen i anlegg med konvensjonelle produksjonsløyningar enn 50.000 tonn, vil eit produksjonsregime tre i kraft. Produksjonskapasiteten til alle løyve til oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogeaure som blir nytta til konvensjonelle produksjonsløyningar i området blir redusert. Storleiken på reduksjonen vil vera avhengig av kor store overskridinga er. Kapasiteten kan likevel bli nytta i Hardangerfjorden under særlege vilkår, eller utanfor verkeområde til forskrifta men innafor den regionen løyvet høyrer heime.

Departementet ber høyringsinstansane særleg kome med innspel på konsekvensar av dette framlegget, både av økonomiske, miljømessig og praktisk art.

Sjå saksutgreiing :

[http://www.samarbeidsraadet-sunnhordland.no/files/Saker\\_til\\_mote\\_15\\_mars.pdf](http://www.samarbeidsraadet-sunnhordland.no/files/Saker_til_mote_15_mars.pdf)

Vedtak 15.3.2013:

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland ber om at framlegg til Hardangerfjordforskrift vert lagt vekk. Dette fordi ein enno ikkje fullt ut kan måla effekten av alle dei ulike forskriftene og tiltaka som er sett i verk. Det bør ikkje gjerast politiske vedtak som legg ned lønsame arbeidsplassar og som samstundes stengjer den verdiskapinga oppdrettsnæringa er for regionen og samfunnet elles.
2. Samarbeidsrådet for Sunnhordland godkjenner uttalen slik den ligg føre mot Etne kommune si røyst.

**Uttale frå Eldrerådet:** ikkje innhenta

**Uttale frå Rådet for dei funksjonshemma:** ikkje innhenta

**Økonomisk konsekvens:** ingen i kommunen sitt budsjett for 2013.

**Miljømessig konsekvens:**

Vedlegg. Høyringskriv